



Terje Jan Nilsen
Myrdalskogen 151
5117 ULSET

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/18389 - 21/58601

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
06.09.2021

Fortsatt mangler ved søknaden - gbnr 351/50 Landsvik

Tiltak: kjøreveg til hytte
Byggjestad: Gbnr: 351/50
Tiltakshavar: Terje Jan Nilsen
Ansvarleg søkjar: Terje Jan Nilsen

Kommunen syner til melding om tiltak utan søknadsplikt motteke 20.11.2020 og etterfylgjande førespurnad om komplettering av brev datert 27.05.21. Du svarte på brevet den 09.06.21.

Meldinga har framleis manglar og kommunen etterlyser følgjande dokumentasjon:

1. Vi har registrert at det søkjast dispensasjon nå frå LNF-føremål i kommunedelplan, men dispensasjon er ikkje nabovarsla.
2. Vi har registrert at det søkjast dispensasjon frå avstandskrav PBL §29-4 til gbnr 351/112. Men vi har ikkje mottatt gjenpart av nabovarsel for denne dispensasjonen heller. Du skriver at Du har problemer med å komme i kontakt med nåverande eigare av gbnr 351/112. Vi tilrår Dykk å ta kontakt med Tingretten som hjelper å finne arveoppgjør for å varsle arvingar.
3. Vi viser til pkt.4 i vårt brev av 27.05.21 og kan ikkje sjå at kommune har mottatt dokumentasjon vi etterspør her:
4. Søknad er sendt som tiltaket utan ansvarsrett, men etablering av veg krev søknad frå ansvarleg føretak/ansvarleg søkjar med ansvarsrettar, gjennomføringsplan, erklæringer om ansvarsrettar etc.

Kommunen ber om at tilleggsmelding vert sendt inn samla innan 09.10.21. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Rita Irene Schjønningsen	Myrdalskogen 151	5117	ULSET
Terje Jan Nilsen	Myrdalskogen 151	5117	ULSET
Terje Jan Nilsen	Myrdalskogen 151	5117	ULSET